

Sak	Leing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering
Høyrings-instans (svarar)	Seksjon for utdanning ved HiSF v/Viserektor for utdanning
Ev. prosess bak høyrings-innspelet	Møte i seksjon for utdanning 30.11. og 7.12.2016
Innspel	
Kap 2	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <ul style="list-style-type: none"> - Generelt meiner vi innstillinga målber ei for einsidig oppfatning om at store og autonome fakultet er den beste løysinga når det gjeld fagleg organisering og leing. Vi meiner det viktigaste er å byggje ein ny høgskule med høg fagleg kvalitet som er så integrert og heng så godt saman som mogeleg, som er oppteken av lik handsaming av studentar og tilsette og som gir vilkår for rasjonelle og effektive støttetjenester. Skal me nå slike mål, er ikkje løysinga utan vidare store, autonome fakultet med råderett over det meste av institusjonen sine ressursar. Stikkorda for organisering bør i større grad vera fellesløysingar og ressursutnytting under eitt.
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det som er viktigast når det gjeld fagleg organisering er at HVL får ei organisering som tydeleggjer høgskulen sine kvalitetar som ein fagleg sterk og svært god utdanningsinstitusjon. - Vi ser at det er argument for å organisera den faglege verksemda kring i kunnskapsområde. Det kan signalisere noko nytt, og det kan vera ein måte å distansere seg frå dei tradisjonelle universiteta på. Samstundes kan slik organisering skapa uvisse og utydelegheit om kvar dei store utdanningsområda høyrer heime og korleis institusjonen handterer dei store profesjonsutdanningane. Samla meiner vi at spørsmålet om profesjon eller kunnskapsområde ikkje er det viktigaste, men vi prioriterer kunnskapsområde om me må velja. <p>Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?</p> <ul style="list-style-type: none"> - HVL bør ha ei fagleg organisering som gjer at høgskulen framstår som ein samla høgskule. Svært store fakultet aukar faren for ein fragmentert institusjon som blir ei forlenging av dei tre gamle høgskulane i ny drakt. - Fire (eller fleire) fakultet gir høve til å synleggjera fleire utdannings- eller kunnskapsområde. Det gir betre høve for fagleg fokus og utvikling og betre vilkår for kontakt med relevant arbeids- og næringsliv. Det reduserer også faren for sterke, autonome fakultet som undergrev målet om eit sterkt og samla HVL <p>Bør fakulteta ha omtrent same storleik?</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Vi ser ingen avgjerande argument for at kvart fakultet bør ha 4-5000 studentar eller meir. Fleire samanliknbare institusjonar som UiT, UiA og Nord universitet har vesentleg fleire fakultet med like mange eller færre studentar. Kunnskapsområdemodellen kan gi grunnlag for meir ulik organisering og storleik, gjerne med fakultet kring 2000 studentar. <p>Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Her er det viktig å hugse at HVL vil vera ein fysisk spreidd institusjon, der alle fakulteta vil vera representert på fleire studiestader. Det er altså ikkje tale om eit gamaldags universitet der fakultet A er å finna i eit bestemt fysisk bygg. - Elles kan det vera positivt med namn som speglar samfunnsutfordringar – viss det er utfordringar som står seg over tid. I samband med rekruttering av studentar, betyr fakultetsnamn lite. Her er det studieprogram og studiestad som tel. <p>Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fire fakultet gir betre vilkår for å ivareta det.
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <ul style="list-style-type: none"> - Med ein distribuert organisasjon, samansett av fleire relativt små studiestader, vil tilfredsstillande studentrekruttering vera heilt avgjerande for framtida for mange av høgskulen sine studieprogram. All røynsle med drift og utvikling av høgskular tilseier at det er kvalitetar ved det einskile studieprogrammet og studiestaden som avgjer attraktiviteten og dermed studentrekrutteringa. Vi meiner innstillinga i for liten grad tek dette inn over seg. Det er behov for ei organisering som i større grad fokuserer dette. - Innstillinga om fagleg organisering og leiing går lenger inn i administrativ organisering enn vi hadde venta. Til dette ynskjer vi å hevda som eit hovudsynspunkt at det i mange tilfelle vil vera aktuelt med ei campusorientert organisering heller enn organisering etter fakultet eller institutt på administrativ side. Det gjeld særleg dei minste studiestadane, der administrativ organisering etter fakultet eller institutt vil kunne medføre manglande likebehandling av studentar og tilsette og invitere til urasjonelle løysingar med dobbeltarbeid og tidsbruk på å avklara mynde, ansvar og funksjon. Me kan rekna det som heilt sikkert at HVL i løpet av kort tid vil oppleve at vi har knappe ressursar til disposisjon for å løysa dei administrative oppgåvene. - Målsetjinga må vere at me vidareutviklar dei sterke sidene den nye høgskulen vil ha med distribuert kompetanse tett på studentar, stad og fag.
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</p> <ul style="list-style-type: none"> - HVL bør ha leiarar med spesialisert administrativ kompetanse, til dømes ein med ansvar for infrastruktur/økonomi/drift av studiestad og ein HR-direktør på nivå 1. Det må altså vera spesialistar på administrative fagområde i leiargruppa. - Ei organisering med prodekanar vil vera kostbar og i for liten grad ta i vare behovet for fokus på program og studiestad. Det er instituttleiarane

som bør utgjera linja under dekan, og det må vera tilstrekkeleg ressursar til god programleiing.

Administrative funksjonar på fakultetsnivå

- Administrativ organisering er under utgreiing, og bør ikkje fastlåst i denne saka. Vi må byggje ein felles institusjonsidentitet også i høve administrative funksjonar, distribuert til alle campus. Dette kan kome i motsetnad til sterke autonome fakultet med store administrative ressursar i lina under dekan.

Ansvar for prorektorar

- Vi prioriterer prorektor for forskning og internasjonisering, prorektor for utdanning og ikt, prorektor for innovasjon og entreprenørskap.